

Animasjonsfilmmesse til Stavanger



Nick Park er nominert til Cartoon d'Or for animasjonfilmen 'Wallace & Gromit: A Matter of Loaf and Death.'

Foto: Itsuo Inouye/Scanpix/AP

Dei beste animasjonsfilmskapparane i Europa deltek på ei animasjonsfilm-messe i Stavanger i september.

MALIN OLIVIA DAHLBERG
malin.olivia.dahlberg@nrk.no

Publisert 27.07.2009 13:31.

Prisen for beste europeiske animerte kortfilm, Cartoon d'Or, vert delt ut av The European Association of Animation Film under messa.

Prisen vart oppretta i 1991 for å oppmuntre europeiske animasjonsfilmskapparar, og er den einaste reine animasjonsfilmprisen i Europa. Filmene som kan verte nominerte til prisen er prisvinnarar frå ein av elleve europeiske filmfestivalar i løpet av det siste året.

Ingen norske nominerte

Filmen "My Grandmother Beijing" av Mats Grorud var den einaste norske kandidaten blant filmene, men han nådde ikkje heilt opp. Blant 29 forslag, er det plukka ut fem nominerte til prisen:

Uzi og Lotta Geffenblad for "Aston's Stones" (Sverige)
Merwan Chabane for "Party Animals" (Frankrike)
Bastien Dubois for "Madagascar, carnet de voyage" (Frankrike)
David O'Reilly for "Please Say Something" (Tyskland / Irland)
Nick Park for "Wallace & Gromit: A Matter of Loaf and Death" (Storbritannia)

Vinnaren vil verte røysta fram av ein jury sett saman av regissørane Serge Elissalde, Tomm Moore og Kari Juusonon. Vinnaren vil få finansiering til sitt neste animasjonsprosjekt.

Vinnarane av prisen dei tre siste åra har vore Benjamin Renner (A Mouse's Tale - La Queue de La Souris, 2008) frå France Luis Cook (The Pearce Sisters, 2007) og Joanna Quinn from Britain (Dreams and Desires - Family Ties, 2006).

(NTB)

Kommentarer (0)

Vær den første til å kommentere denne artikkelen.

Ansvarlig redaktør Hans-Tore Bjerkaas - Opphavsrett NRK © 2009 - Kontakt NRK